

NYHETER SEL HEIDAL KUNST BARN OG UNGDOM

- Det blir fint å vise fram det vi har jobba med



Agnethe, Lea, Madeleine og Linnea tykkjer det har vore artig å jobbe med kunstnar Anna Daniell dei siste to åra. Foto: Ida Lindse Tho

Av Ida Lindse Tho

Publisert: 23.09.22 04:23

Del

Kunstprosjektet «10 år på Heidal skule» er no inne i sitt femte år. Nå er den andre kunstnaren i prosjektet ferdig, og elevar og kunstnar kan syne fram det dei har jobba med. Samstundes blir dei filma til ein dokumentarfilm.

For abonnenter

- Alt er kunst, svarer Agnethe, Lea, Madeleine og Linnea på spørsmålet om kva som er kunst for dei.

Dei fire jentene er elevar i den såkalla «kunstklassen», som nå går i 5.-klasse ved Heidal skule. Dei har, i lag med dei andre elevane i klassen, dei siste to åra jobba med kunstnar Anna Daniell.

Har laga skulptur

Anna Daniell er kunstnar nummer to i prosjektet og har følgd klassen gjennom 3.- og 4.-klasse.

- Det har vore artig å jobbe med ho. Vi har funne på mykje forskjellig, seier Agnethe.

Linnea fortel at dei har måla og teikna, medan Madeleine legg til at dei har laga skulpturar.

Elevane i kunstklassen har også gått rundt i bygda og samla inn ting til skulpturen dei har skapt i lag med Anna Daniell.

Nå er skulpturen, som har fått namnet «Heidal kunsthall», klar for å bli avduka.



Klassen i gang med å måle duken som skal skjule skulpturen. Foto: Ida Lindsø Tho

Når Norddalen er på besøk lagar dei duken som skal skjule skulpturen før avdukinga.

– Det blir fint å vise fram det vi har jobba med, seier Agnethe, Lea, Madeleine og Linnea.

Skulpturen «Heidal kunsthall» er sett opp i skogen langs gangvegen ved fotballbana i Heidal, og blir avduka fredag. Det er ein skulptur i farga betong og eit utskore treskilt. Treskiltet er utskore av faren til kontaktlæraren til kunstklassa. I skulpturen er det støypt inn gjenstandar som er donert til kunstverket av lag, foreiningar og bedrifter i Heidal.

- Fint at det har vore så fritt

Anna Daniell arbeider med skulptur og er spesielt interessert i å utforske nye måtar å vise kunst. Dei siste åra har ho mellom anna laga ein permanent kunstnarisk utsmykking på rådhuset i Oslo og laga utstilling på ein sportsstadion.

– Det har vore veldig fint å vere med på dette og kunne dele kunstnarskapet mitt med barna og få masse nye inntrykk attende. Det har vore fint at det har vore så fritt og med moglegheit til å eksperimentere, seier ho.

Ein kunstnarisk bonus ved å vere i Heidal er at ho har vorte minna på om treskjerarkunsten og klebersteinen.

– Eg kjem til å ta med meg det vidare i kunsten min framover.





Kunstnar Anna Daniell har følgt klassen i to år. Foto: Ida Lindsø Tho

Da ho vart invitert til å vere ein del av prosjektet hadde ho ein overordna plan om at dei unge kunstnarane skulle lære om kor ein ser kunst, kor kunst finst og korleis det har vore brukt opp gjennom historia. Dei har også snakka mykje om forskjellen på figurativt og abstrakt og om inspirasjon. Dei har også snakka mykje om kunstens verdi i Heidal.

– Eg deler mitt kunstnarskap med dei, også kjem dei med masse og så gjer vi ting i lag. For meg har det ikkje vore så viktig at dei lærer handverket, men at dei får eksperimentere og blir bevisste på kva kunsten betyr, seier ho.

Går som planlagt

Da klassen gjekk 1.- og 2.-klasse hadde dei besøk av kunstnar Gisle Harr.

Skulpturen «Wenche» vart laga mens Harr følgde klassen i perioden 2018 til 2022. Renholdsarbeider Wenche Rohaugen Johnsen sto modell for skulpturen som nå vises på årets Høstutstilling på Kunsternes Hus i Oslo. Den vil nå også – saman med tre andre arbeider av Gisle Harr – få plass som utsmykking inne på Heidal skule.

Prosjektleiær Kjersti Myrhagen ved Heidal skule opplyser at prosjektet går som håpa og planlagt.

– I løpet av året vil det kome ein ny kunstnar. Det som er litt morosamt er at elevane har begynt å stille litt krav. Dei har sagt at dei vil måle, så det blir nok ein kunstmålar som kjem. Det er veldig fint at dei har begynt å få nokre ønsker, seier Myrhagen.

Prosjektleiæren opplyser at dei ser elevane si utvikling innan kommunikasjon og samarbeid, og at dei viser stor glede over prosjektet.

Blir dokumentert

Prosjektet har fått støtte frå KORO (Kunst i offentlege rom) til ein dokumentarfilm om prosjektet. Dei har fått midlar til å følgje prosjektet til det er ferdig når elevane er ferdige med 10.-klasse.



Klassen blir filma medan dei arbeider. Foto: Ida Lindsø Tho

– Vi kjem litt seint i gang, men regissøren seier det går heilt fint, uttalar Myrhagen.

Merethe Offerdal Tveit er regissør for prosjektet. Ho var mellom anna regissør for filmen om kunstverket i Kvam, «Odelsgut og fantefølge».

Myrhagen fortel at dei nå samlar dokumentasjon, men at det ikkje er bestemt kva format dette skal visast i.

I tillegg er det mogleg av Kulturtanken skal følge prosjektet. Kulturtanken har det nasjonale ansvaret for Den kulturelle skolesekken og er underlagt Kulturdepartementet.

Lise Lund frå Kulturtanken har vore på besøk hjå klassen nokre dagar.

– Frå vårt perspektiv er dette eit unikt og spennande prosjekt å følgje med på, som eg håper eg kan få anledning til å følgje vidare. Det er både eit kunstnarisk utviklingsprosjekt, eit lokalmiljøprosjekt og kanskje eit dannelsingsprosjekt for den enkelte, seier Lund.

Lise Lund frå Kulturtanken har vore på besøk hjå klassen nokre dagar.

– Frå vårt perspektiv er dette eit unikt og spennande prosjekt å følgje med på, som eg håper eg kan få anledning til å følgje vidare. Det er både eit kunstnarisk utviklingsprosjekt, eit lokalmiljøprosjekt og kanskje eit dannelsingsprosjekt for den enkelte, seier Lund.



Lise Lund i Kulturtanken besøkte klassen. Foto: Ida Lindsø Tho

«10 år på Heidal skule» er støtta av KORØ, Kulturrådet, Sparebankstiftelsen og DKS Oppland/Innlandet fylkeskommune.

Les mer om: [Nyheter](#) [Sel](#) [Heidal](#) [Kunst](#) [Barn og ungdom](#)